



NORSK LOVTIDEND

Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 30. januar 2025 kl. 15.25

PDF-versjon 30. januar 2025

22.01.2025 nr. 102

Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa, Hå kommune, Rogaland

Heimel: Fastsett av utval for oppvekst og kultur i Hå kommune 22. januar 2025 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 og etter delegert mynde.

§ 1. Føremål

Føremål med forskrifta er å sikre mest mogleg lik praksis for permisjon frå grunnskuleopplæringa i grunnskulane i Hå kommune.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for elevar ved dei kommunale grunnskulane i Hå kommune.

§ 3. Vilkår for permisjon frå grunnskuleopplæringa

Permisjon frå grunnskuleopplæringa skal samla sett vera forsvarleg. Kva som er forsvarleg, må kommunen vurdere individuelt og med grunnlag i fagleg-pedagogisk kompetanse.

For å vurdere kva som er forsvarleg, skal kommunen leggja vekt på læringsutbyttet til eleven, kva som skal skje på skulen i permisjonstida, til dømes om det er nasjonale prøvar eller andre prøvar, og om foreldra vil sørge for at eleven får den opplæringa som må til for å kunne følgje med i undervisninga på skulen etter permisjonen.

I tillegg må kommunen vurdere kva som er det beste for eleven, og kva eleven sjølv meiner. Varigheit på permisjonen frå grunnskuleopplæringa er maksimum ti samanhengande skuledagar. Kommunen skal normalt ikkje innvilge permisjon for meir enn ti skuledagar per skuleår med mindre årsakene er tungtvegande.

Elevar som er medlemar av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag. Retten til permisjon etter denne regelen er absolutt, og kommunen skal ikkje vurdere om det er forsvarleg å gje permisjon. Retten til permisjon føreset at foreldra sørger for at eleven får den opplæringa som må til for å følgje med i undervisninga på skolen etter permisjonen.

§ 4. Saksbehandling

Svar på søknad om permisjon frå grunnskuleopplæringa er eit enkeltvedtak. Kommunen har delegert myndigheit til rektor ved den enkelte skule, eller den rektor delegerer oppgåva til, som har myndigheit til å fatte vedtak om permisjon. For elevpermisjon med varigheit på inntil ein dag, kan rektor delegerer

myndighet til å innvilge elevpermisjon til kontaktlærer. Rektor skal likevel alltid behandle søknader der det blir gitt avslag.

§ 5. Klage

Forvaltningslova gjev søkjar klagerett. Etter § 2 i forvaltningslova er vedtak om permisjon frå grunnskuleopplæringa å rekna som eit enkeltvedtak. §§ 28–29 seier at søkjar kan klage på eit enkeltvedtak, med ein klagefrist på tre veker.

Statsforvaltaren i Rogaland er klageinstans for enkeltvedtak om permisjon frå grunnskuleopplæringa. Statsforvaltaren kan prøve alle sider av vedtaket, jf. forvaltningslova § 34. Statsforvaltaren skal alltid i sine vurderingar ta omsyn til barnets beste i tråd med FNs barnekonvensjon art. 3 samt oppl. § 10-1.

§ 6. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2025.